

Protokoll

Åtte medlemmer deltok på møtet.

Konstituering

1. Opning

Møtet blei opna av leiar Bernt Emil Vika.

2. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.

3. Val av møteleiar

Bernt Emil Vika vart vald til møteleiar.

4. Val av referent

Torhild Neset Vika vart vald som referent

5. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen

Nils Peder Holme og Ivar Barane vart valde til å underteikna protokollen.

Årsmøtesaker

6. Godkjenning av årsmelding for 2022

Bernt Emil Vika las/gjekk igjennom årsmeldinga.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

7. Godkjenning av rekneskapen for 2022

Bernt Emil Vika, saman med Anna Kristine Sætre, las/gjekk igjennom rekneskapen.

Vart samrøystes godtkjend, utan kommentar.

8. Val

Resultatet av valet vart fylgjande:

Bernt Emil Vika vart samrøystes attvald som leiar for 1 år - 2023.

Nils Peder Holme var ikkje på val i år.

Anna Kristine Sætre var ikkje på val i år.

Lars Inge Vestvik var ikkje på val i år.

Ivar Barane vart samrøystes attvald for 2 år (2023 og 2024)

Arvid Samdal vart samrøystes attvald for 2 år (2023 og 2024)

Vara til styret vart valde:

Per Arne Barane vart samrøystes attvald for 2 år (2023 og 2024)

Terje Nilssen (ny) vart samrøystes vald for 2 år (2023 og 2024)

9. Vedtektsendring (sak frå styret)

Styret foreslo å endra § 3 i vedtektene slik:

§ 3 Medlemskap

Medlem er alle som har betalt årspengar. Æresmedlem kan veljast etter framlegg frå styre. Personar som har støtta laget sitt arbeid på ein framifrå måte, kan veljast til æresmedlem. Æresmedlemskapen skal markerast med diplom eller liknande.

Æresmedlemmer betaler for å delta på festar laget arrangerer.

Endringa (i raudt) vart samrøystes vedtatt av årsmøtet.

Torhild Neset Vika
referent

Nils Peder Holme
protokollunderskrivar

Ivar Barane
protokollunderskrivar